

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Kaupanger, 6.3.2020

SØKNAD - PROSJEKT OG TILTAK – FRIVILLIG KULTURLIV

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er tilknytt Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon innan frivilligheita i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. SOFUL vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eitt fylkeslag. I fylket har vi i dag 36 aktive lokallag. SOFUL er såleis bindeleddet mellom Noregs Ungdomslag (NU) og lokallaga i Sogn og Fjordane.

Vi dekker friviljug kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift. SOFUL er viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publisering- og mediearbeid og anna kulturelt arbeid for å verne om og ta vare på nynorsk som skriftspråk.

SOFUL etablerte ordninga Huset i Bygda (HiB) i 2010. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle former for organisasjonseigde kulturygg i Sogn og Fjordane. Slik voner SOFUL og HiB å medverke til å skape meir synlege, sterke og relevante kulturygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar. Huset i Bygda samarbeider tett med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, mellom anna administrerer vi ein gåvetildeling til organisasjonseigde kulturhus på 800 000,-

SOFUL og Huset i Bygda er òg trekt fram i regional plan for kultur for Sogn og Fjordane og vidareføring av Huset i Bygda er utpeikt som eit viktig element i handlingsplanen til regional plan for kultur.

HOVUDSATINGSOMRÅDE 2020/2021

Det årlege arbeidsprogrammet omfattar friviljug kulturarbeid innan folkemusikk, folkedans, scenekunst og ulike vaksenopplæringstiltak.

HUSET I BYGDA

Det lokale huset i bygda har gjennom mange år hatt ein sterk posisjon som samlingspunkt og som identitettsmarkør i mange bygder. Dei lokale kulturyggja er grunnsteinen i mykje av utøvinga av den lokale kvardagskulturen. Men vi må òg vedgå at folk stiller andre krav til fasilitetar, innhald og aktivitetar i forsamlingshusa våre i dag, enn kva ein gjorde tidlegare. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle former for organisasjonseigde kulturygg i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Sparebank etablerte i 2016 ei tilskotsordning til organisasjonseigde bygg. Her bidrog HiB med sin kompetanse og oversikt over lokal kulturhus. Frå 2019 har HiB hatt ansvar for å administrere og tildele tilskota frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.



Sogn og Fjordane Ungdomslag

Behovet for rådgjevingstenester har auka jamt og trutt, og SOFUL ser på HiB som eit viktig satsingsområde. For utfyllande informasjon syner vi til årsmeldinga til HiB for 2019, som ligg ved søknaden.

SAMARBEID MED ROM FOR ORD

Samfunnslivet i Norge er prega av strukturrasjonalisering. Skular, barnehagar og bibliotek er døme på offentlege tenester som blitt flytt inn til kommunenesentera. Frå 2020 har vi òg fått nye storfylke og kommunesamanslåingar. Den geografiske avstanden mellom politisk sentrum og omland vil auke, og det er lite truleg at nedlegging og omstrukturering av t.d. skulevesenet vil avta.

Mykje av det organiserte kulturlivet har vore dreve gjennom som offentlege institusjonar; Den kulturelle skulesekken, teateroppsetjingar og fylkesmusikkordninga er tett integrert i skule- og barnehagane. Med nedlegging av slike institusjonar vil òg lokalsamfunna miste viktige kulturelle tilbod. SOFUL har registrert at ein i debatten kring t.d. skule og bibliotektenesta er lite medviten på kor viktig samspelet er mellom desse institusjonane og frivillige lag -og organisasjonar.

SOFUL meiner at det er viktig å oppretthalde og å gje alle eit kulturelt tilbod. Når mange bygdesamfunn har mista sine lokale offentlege kulturtildod, vert det òg større avstand til tilbod om kulturhendingar.

I Norge er det omfattande organisasjonsarbeidet eitt av kjenneteikna bak demokratiserings-prosessane i den gryande nasjonsbygginga på 1800-talet. Mykje av dette organisasjonsarbeidet fann stad i ungdomshus og lokale forsamlingshus. Den sentrale tanken i etableringa av desse husa var organisasjons- og demokratiopplæring.

Eit anna viktig element var òg at ein skulle lære å debattere og diskutere fordi ein hadde ansvar for å delta i den offentlege debatten. Desse husa er framleis viktige som arena for frivillig kulturarbeid og utøving av dans, teater, bunadsarbeid og anna kulturarbeid. Det er viktig å ta vare på desse husa og utvikle dei vidare. Mange av husa er òg midtpunkt i grender og bygdelag og fungerer som motvekt til sentralisering. Dei bidreg òg til auka bulyst, auka samhald, felleskjensle og ikkje minst identitet i små og større bygder i fylket.

SOFUL ønskjer å bygge vidare på den rike lagstradisjonen som ungdomslagsrørsla har, og har etablert eit samarbeid med programmet Rom for ord der vi vil fokusere på ungdomshusa som litteratur- og debattarenaer. Vi vil utarbeide vår- og haustprogram som vert tilpassa dei lokale organisasjonseigde kulturhusa. Viktige stikkord i eit slikt prosjekt er litteratur, framsyningar, debatt og den gode mangfoldige diskusjonen.

BARNESTEMNE

I 2019 arrangerte SOFUL og Hordaland Ungdomslag (HU) eit felles barnestemne. Satsinga var ledd i arbeidet med å bli betre kjent på tvers av dei gamle fylkesgrensene. SOFUL og HU kjem til å fortsetje dette arbeidet og planlegg felles barnestemne i 2020 på Voss.



Sogn og Fjordane Ungdomslag

Fylkesstemnet er for dei som dansar, driv med teater, spelar eit instrument eller held på med anna aktivitet i fylkeslaga og er del av oppfølging av fornya satsing på aktivitetar retta mot barn og unge i Sogn og Fjordane.

ARBEID FOR Å TA VARE PÅ NYNORSK OG KULTURELT MANGFALD I SOGN OG FJORDANE

Ved å legge til rette for kulturhistorisk og litterært stoff frå lokale skribentar gjennom publisering-verksemd, er SOFUL viktig bidragsytar til å ivareta nynorsk som skriftspråk og det kulturelle mangfaldet i fylket. Samstundes er dette med på å gje ei stemme til dei som kanskje ikkje elles når ut til eit større publikum. Publisering-verksemda er såleis et viktig bidrag for å dokumentere liv og levnad i dei mange små og store bygde- og grendelaga i Sogn og Fjordane.

- Jol i Sogn er eit tradisjonsrikt blad som står sterkt i Sogn. Bladet er viktig som kjelde til m. a. lokalkunnskap og dokumentasjon av munnlege historier frå bygdesamfunna, som elles har eller står i fare for å gå tapt. Med unntak av krigsåra har bladet vore utgitt kvart år sidan 1931.

- Jul i Sunnfjord. Bladet vart nedlagt i 2014 etter at Sunnfjord Museum og Sunnfjord Sogelag ikkje lenger ville ta ansvar for å drifte redaksjonen. Dette har vore eit stort tap for Sunnfjord. SOFUL fekk difor i stand avtale med Sunnfjord Sogelag som eig namnet, om nyutgjeving av bladet. I 2018 fekk SOFUL på plass ny redaksjon, og bladet vart relansert jula 2018. Heftet har fått mykje positiv merksemd og auka lesartal.

- Innspeling av Julesongar. Sjølv om det er sterke tradisjonar knytt til julesongar, erfarer vi òg at mange julesongar er i ferd med å verte gløymde. Det er truleg fleire årsaker til dette, som at t.d. tone og melodi kan vere framand for mange. SOFUL vil difor spele inn utvalde julesongar, med spesielt fokus på dei meir ukjende julesongane. Arbeidet er særleg retta mot barnehagar, skuleverket og andre relevante institusjonar, som eldreheimar. Alle vil få gratis tilgang til songane saman med julesongheftet.

Arbeidet med å spele inn songane starta i 2019 med eit lite utval av songane frå julesongheftet. Dette arbeidet vil fortsetje i 2020. Songane vil bli lagt ut gratis på www.soful.no. Målsetninga er på sikt å få spelt inn alle songane i heftet og å ta vare på songtradisjonane.

SCENEKUNST

- Vidare satsing på scenekunst. Ved å gje ungdom fridom til å våge å uttrykke seg på sine eigne premissar i eit lokalt kulturbrygg og å prøve nye uttrykksformer, vil ein vere med på å auke mangfaldet og bulyst i bygdene. Satsing på scenekunst er viktig ved at ein stimulerer og set fokus på å verdsette at kultur- og kulturarbeid har eigenvekt. Mange lokale kulturbrygg har sterke tradisjonar for ulike former for teater og scenearbeid, og vi registrerer etterspurnad etter kursing og kompetansehevande tiltak til teater og revyar.

LEGGE TIL RETTE FOR AKTIVITET OG UTVIKLING I LOKALLAGA

Gjennom aktiv oppfølging og rådgivingstenester ønskjer SOFUL å legge til rette for auka og fornya aktivitet, og med dette meir bruk av ungdomshusa eigmeld av lokallaga. SOFUL vil og arbeide for å gjere kommunane meir medvitne på den store verdien desse laga har og kan ha i lokalsamfunnsutvikling.



Sogn og Fjordane Ungdomslag

Integrering og lågterskeltilbod er viktige stikkord her. SOFUL vil halde søknadsskurs og vitje lokallag i 2020. Vi vil også legge til rette for at yngre medlemmer i lokallaga kan delta på Sommarleiren til Noregs Ungdomslag. Sommarleiren er ein viktig møtestad og inspirasjonskjelde for dei yngre medlemmene av lokallaga. SOFUL vil også arbeide for få lokallagsungdom til å delta på satsinga Ungt demokrati. Målgruppa er 14-25 år. Dette er ein viktig satsing i regi av Noregs Ungdomslag for å utvikle framtidas ungdomslagsleiarar. Deltakarane jobbar mykje med å bli kjend med seg sjølv og eigne kvalitetar. Dei vil få god innsikt i korleis ein kan jobbe i ulike grupper, dei vil få konkrete oppgåver og oppdrag undervegs, og på den måten få god erfaring i å handtere ulike situasjonar.

For at SOFUL skal realisere dei ulike kulturprosjekta og tiltaka søker vi om 100 000,- i tilskot frå Vestland fylkeskommune.

Vi håpar på ein positiv handsaming av søknaden.

For oversikt over kostnader knytt til dei ulike prosjekta/tiltaka viser vi til vedlagt budsjett.

Med venleg helsing



Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

Vedlegg:

Årsmelding SOFUL 2019

Årsmelding HiB 2019

Budsjett 2020

